

# Årsmelding for Masfjorden sokn 2023



# Innhald

Innleiing .....	4
Om sokneråd / fellesråd .....	4
Det gamle soknerådet / fellesrådet .....	5
Dei gamle kyrkjeutvala .....	5
Andre utval .....	5
Det nye soknerådet / fellesrådet .....	6
Dei nye kyrkjeutvala .....	6
Litt om kjønnsfordeling av verva i råd og utval: .....	6
Andre utval .....	6
Dei tilsette i Den norske kyrkja i Masfjorden .....	7
Tilsette i Nordhordland prosti .....	7
Tilsette i Fellesrådet .....	7
Andre med avtale med Fellesrådet .....	8
Eigedomar som Fellesrådet forvaltar .....	9
Kyrkjene våre .....	9
Frøyset kyrkje: .....	9
Sandnes kyrkje: .....	9
Solheim kyrkje: .....	10
Gravplassar i kommunen .....	10
Frøyset: .....	10
Hosteland: .....	10
Sandnes: .....	10
Skjerjebakken: .....	10
Solheim: .....	10
Indre Haugsdal: .....	10
Den norske kyrkja i Masfjorden i tal .....	11
Nøkkeltal for Masfjorden sokn .....	11
Årsrekneskap .....	11
Om det kyrkjelege arbeidet i Masfjorden sokn .....	11
Gudstenestelivet .....	11
Trusopplæringstiltak .....	12
Helsingar til dåpsborn .....	12
Småbarnstrall .....	12
Dåpsskule .....	12
Tårnagent .....	13

Lys Våken.....	13
Utdeling av bøker til 4 og 10-åringar.....	13
Utdeling av bøker til 6-åringar ved skulestart.....	13
Konfirmantarbeidet.....	13
Diakonalt arbeid .....	14
Fasteaksjonen .....	14
Sjukeheimen .....	14
Samtalar og sjelesorg .....	14
Kulturelt arbeid .....	15
Kulturelle arrangement i kyrkjene våre:.....	15
Samarbeid med andre .....	15
Fjon fjellkyrkje .....	15
Tverrfagleg samarbeidsutval.....	16
Masfjordingen.....	16
Barnehagar og skular .....	16
Ukrainsk julefeiring på Fjon fjellkyrkje 14. januar .....	16
Samling for ukrainarar på Risnes og Frøyset 9. desember.....	16
Eit blick framover – oppgåver og utfordringar.....	17
Tiltak dei folkevalde kan bidra med: .....	17
Utviklingstiltak i regi av kyrkja:.....	17
Det viktigaste tiltaket er det likevel du og eg som kan stå for: Å delta .....	18

## Innleiing

Året 2023 markerte at fyrste perioden for soknerådet i det nye Masfjorden sokn var til endes. I september var kyrkjevalet gjennomført, og 1. november starta ein ny periode med stort sett nye personar i verva til sokneråd og kyrkjeutval. 1. desember var det nye fellesrådet etablert med ein ny kommunal representant.

Som det vil gå fram av årsmeldinga, har aktiviteten i kyrkjelydsarbeidet stort sett vore på same nivå som året før, men ein har registrert ein viss nedgang i oppslutnad om tilskipingane.

Samstundes kan det sjå ut som om kyrkja framleis har ein viktig plass i lokalmiljøet. Ein høvesvis god deltaking i kyrkjevalet kan sjåast som ein indikator på dette: I Masfjorden sokn avga 23,74% av dei røysteføre stemme i kyrkjevalet. Tilsvarende tal på landsbasis var 8,99%, og i Bjørgvin bispedøme 8,69%. Og når ein snakkar med dei som har takka ja til verv i kyrkja vår, er det tydeleg at for mange er det viktig å ta vare på den kyrkja vi har her i Masfjorden.

Soleis kan ein ikkje utan vidare seie at ein viss nedgang i oppslutnad om kyrkja sine arrangement er eit uttrykk for ein nedgang i oppslutninga om kyrkja som ein del av livet i grendene våre. Men det kan vere grunn til å sjå litt på om ein bør og kan tilpasse kyrkja sitt tilbod betre til folk sine ynskje, og dette er ein alt i gang med å prøve ut.



## Om sokneråd / fellesråd

Eit sokneråd er eit demokratisk vald råd av valbare medlemmer av Den norske kyrkja i eit sokn. Soknerådet har ansvar for å leggje til rette for og understøtte ulike tiltak knytt til kyrkjelivet i soknet.

Eit fellesråd er i utgangspunktet sett saman av oppnemnde medlemmer frå sokneråda i ein kommune, samt ein representant for kommunen. Fellesrådet sitt ansvarsområde er knytt til planarbeid, budsjett og økonomistyring, og det er fellesrådet som har arbeidsgjevaransvar for dei som arbeider i kyrkja, men som ikkje er tilsette i bispedøme / prosti.

Sidan det berre er eitt sokneråd i Masfjorden, fungerer soknerådet som fellesråd i saker som etter lova skal handsamast av fellesrådet. Når soknerådet fungerer som fellesråd, tiltrer ein kommunal representant. Men sjølv om dette soleis stort sett er dei same personane som sit i sokneråd og fellesråd, er det viktig å hugse at desse to råda har kvar sine ansvarsområde, og kvart sitt mandat.

I 2023 hadde sokneråd/fellesråd totalt sju møte. Tre av dei var på Teams, og eitt av møta var eit fellesmøte mellom det gamle og det nye soknerådet, der også dei tilsette var med.

Soknerådet handsama totalt 25 saker i 2023, og fellesrådet hadde 29 saker oppe til handsaming. Ein vil med dette nytte høvet til å takke kvart einskild rådsmedlem for god innsats i perioden dei no har lagt bak seg.

## Det gamle soknerådet / fellesrådet

Masfjorden sokneråd har i 2023 vore sett saman slik :

- Rune Garmann, leiar
  - Ragnvald Tangedal, nestleiar
  - Bente Kvamsdal Håvåg
  - Dina Merete Kallestad Dyrhovden
  - Gunnar Andvik
  - Anne Marit Birkeland Fredriksen
  - Harald Mjanger
  - Atle Nordland
  - Maja Aven Dahle
  - Aril Andvik
  - Sokneprest Torbjørn Sæle
- Vararepresentantar til soknerådet er:
- Jan Otto Daae
  - Leif Bjarne Haukeland
  - Ingfrid Olaus Hansen Sleire
  - Svein Birger Haugsdal
  - Annbjørg Ynnesdal

Masfjorden kommune sin representant i Fellesrådet i denne perioden, har vore

- Torill Torsvik Størkersen
- Vararepresentanten hennar har vore Bjarte Andvik

Kyrkjevevja er sekretær for sokneråd/fellesråd, og har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

## Dei gamle kyrkjeutvala

Kyrkjeutvala er sett saman av personar som stod på lista til soknerådsvalet for perioden, og som har bustad i kyrkjekrinsen. Leiar for kvart kyrkjeutval er medlem av soknerådet. På den måten ynskjer ein å oppnå god kontakt mellom sokneråd og kyrkjeutval.

Kyrkjeutvala har vore sett saman slik :

### Frøyset kyrkjeutval

Ragnvald Tangedal, leiar  
Jan Otto Daae  
Annbjørg Ynnesdal  
Ingfrid Sleire

### Sandnes kyrkjeutval

Gunnar Andvik, leiar  
Leif Bjarne Haukeland  
Svein Birger Haugsdal  
Linn Andvik Lahti  
Harald Mjanger

### Solheim kyrkjeutval

Bente Kvamsdal Håvåg,  
leiar  
Asle Sletten  
Joakim Haugsvær  
Maria Haukeland  
Torfinn Aga

Kyrkjeutvala har hatt fokus på ulike oppgåver knytt til den einskilde kyrkja, og hendingar og tilskipingar der. Utvalsmedlemene har vore kyrkjevertar og sytt for kyrkjekaffi, og dei har eit visst ansvar for tilsyn med si kyrkje og tilhøyrande kyrkjegardar. Det er også kyrkjeutvala som har hatt ansvar for distribusjonen av «Masfjordingen» rundt om i grendene våre, og dei har stilt opp som sjåførar under Fasteinnsamlinga.

Kyrkjeutvala har teke på seg viktige oppgåver og løyst dei på ein fin måte, og det er all grunn til å takke kvart og eitt av utvalsmedlemene for fin innsats i perioden dei har lagt bak seg.

## Andre utval

Det er etablert eit arbeidsutval som fungerer som saksførebuande organ for soknerådet, og som soknerådet kan delegere avgrensa mynde til, til dømes i ferietida. Arbeidsutvalet, som er sett saman av sokneprest, kyrkjevevja og soknerådsleiar, har rutinemessig vore samla for å førebu soknerådsmøta innan innkallinga til desse går ut. Det er ei ordning som har fungert godt. Det høyrer med at soknerådsleiar også er blitt halden kontinuerleg orientert om saker som dei tilsette har hatt oppe på stabsmøta.

Ein har også hatt eit administrasjonsutval som skulle arbeide med personalforvaltning. Dette har bestått av Rune Garmann og Dina Dyrhovden som arbeidsgjevarrepresentantar og Helga Ekehaug som arbeidstakarrepresentant fram til ho gjekk ut i permisjon. Remi Kallekleiv har vore varamann for Helga. I 2023 hadde administrasjonsutvalet ingen saker til handsaming.

## **Det nye soknerådet / fellesrådet**

Etter valet i haust vart den nye samansetjinga av Masfjorden sokneråd slik frå 1.november:

- Rune Garmann, leiar
- Heidi Bjånes Bjørneklett, nestleiar
- Siri Andvik
- Liv Øydis Trædal
- Anbjørg Berg Dyrhovden
- Atle Nordland
- Hanne-Marit Neverdal
- Anne Kari Mjanger
- Stian Søvik
- Elin Matre
- Sokneprest Torbjørn Sæle
- **Vararepresentantar er:**
- Ståle Daae
- Frank Oppedal
- Aina Sleire
- Svein Atle Næss
- Vebjørn Haugsdal

Etter valet har kommunestyret utnemnd desse representantane til fellesrådet:

- Geir Egil Haugsvær
- Vararepresentant er Tove Kristin Sleire Tistel

## **Dei nye kyrkjeutvala**

Ordninga med kyrkjeutval har fungert fint, og nye utval vart utnemnd i første soknerådsmøte. Desse er frå november sett saman slik:

### **Frøyset kyrkjeutval:**

Hanne-Marit Neverdal,  
leiar  
Dag Bjørnar Holmaas  
Heidi-Elin Kolle Andvik  
Joakim Andre Fagerheim  
Hindenes  
Marit Helene Riisnes

### **Sandnes kyrkjeutval:**

Siri Andvik, leiar  
Anne Kari Mjanger  
Atle Nordland  
Helen Andvik  
Vebjørn Haugsdal

### **Solheim kyrkjeutval:**

Anbjørg Berg Dyrhovden,  
leiar  
Frank Oppedal  
Heidi Bjånes Bjørneklett  
Liv Øydis Trædal  
Ståle Daae

## **Litt om kjønnsfordeling av verva i råd og utval:**

Når det gjeld kjønnsfordeling i råd og utval, er situasjonen den at det i soknerådet er 70% kvinner og 30% menn. Tek ein med varamedlemene, er fordelinga 47% menn og 53% kvinner. I kyrkjeutvala er det 40% menn og 60% kvinner.

Fordelinga i råd og utval er ein konsekvens av valresultatet i kyrkjevalet. Men ein skal merke seg at av dei 22 kandidatane på vallista, var det 10 menn og 12 kvinner. Og kjønnsfordelinga mellom dei 10 fyrste på vallista (*som altså ville fått plass i soknerådet, gitt at det ikkje vart gjort endringar av veljarane*) var 5 kvinner og 5 menn.

## **Andre utval**

Arbeidsutvalet held fram slik det vart etablert i førre periode, med soknerådsleiar, sokneprest og kyrkjeverje. Sidan det ikkje er kome nye personar inn i desse funksjonane, vil det nye arbeidsutvalet bestå av dei same tre personane som i førre periode.

Andre utval vil verte oppretta etter kvart som ulike verv og ansvarsområde vert fordelt mellom soknerådsmedlemene.

# Dei tilsette i Den norske kyrkja i Masfjorden

## Tilsette i Nordhordland prosti

Torbjørn Sæle er fast tilsett som sokneprest i Masfjorden sokn. Ein samarbeidsavtale mellom Bjørgvin bispedøme og Gulen, Masfjorden og Solund kommunar sikrar prest i full stilling i kvar av dei tre kommunane. Dette er ei ordning vi er glade og takksame for.

Torbjørn ser ut til å ha funne seg godt til rette her hos oss, og det er inga overdriving å seie at vi her i grendene våre har funne oss svært godt til rette med han.

## Tilsette i Fellestrådet

- Eli Eidsnes er kyrkjeverje i ei 70% stilling, og sekretær ved kyrkjekontoret i 30%.
- Remi Kallekleiv er kyrkjegardsarbeidar i ei 80% stilling. I tillegg til å utføre oppgåver som kyrkjegardsarbeidar, har Remi teke ansvar for ein del av vedlikehaldet, både av eigedom og teknisk utstyr.
- Tina Meland Lønnebakken er trusopplærer i 60% vikarstilling, og jobbar mest med tiltak for borna.
- Ingrid Helene Raunehaug har ei 20% vikarstilling som konfirmantarbeidar og jobbar saman med soknepresten med konfirmantarbeidet.
- Både Tina og Ingrid Helene vikarierer for Helga Ekehaug, som er 3 års permisjon for å studera (2022-2025)

Andre tilsette som har sin arbeidsplass ved kyrkjene er:

- Eldbjørg Mjanger som er klokkar/kyrkjetenar i 1,97% ved Granneheimen
- Alima Tomor (biletet attmed) som har vore kyrkjetenar i 10% stilling ved Frøyset kyrkje. Denne stillinga sa ho opp frå 1. oktober.



Fire personar har hatt engasjement på timebasis hos oss i 2023. Dette var for å få gjort ein del vedlikehald som skraping og maling på sommaren, samt vikarar ved sommarferie og pga. sjukemelding. Me takkar desse for innsatsen og er glade for arbeidet dei fekk gjort.

- Svein Birger Haugsdal, april-desember. Reingjering i Frøyset kyrkje.
- Mykola Muzhevskiy, juni-august. Vedlikehald/maling av gjerder, og sommarvikar med plenklipp og liknande.
- Håvard Daae, juli-august. Vedlikehald/maling av gjerder mm.
- Kristin Agni Helland, juli-desember. Kyrkjetenar gudstenester Frøyset, litt maling av gjerder.

Som det vil gå fram av oppsettet ovanfor, har det i 2023 vore tilsett totalt 6 personar i ulike stillingsstorleik. Av desse er det fem kvinner og ein mann. I tillegg har Fellestrådet ein fast vikaravtale med organist i 40% stilling, med tillegg for speling i gravferder og vigslar. Sjå neste side. Ser ein kjønnsfordelinga i samanheng med stillingsstorleik, fordeler stillingane seg slik prosentvis:

- Utan å rekne med avtalen med organist: 70,31% kvinner, 29,69% menn.
- Inklusiv avtalen med organist : 61,22% kvinner, 38,78 % menn.

På ein arbeidsplass med så få tilsette som hos oss, kan det lett oppstå ein viss ubalanse i kjønnsfordelinga, utan at dette skuldast tilhøve knytt til personalforvaltninga. Det kan her

vere på sin plass å påpeike at ev dei fire siste kyrkjevevjene har det vore to menn og to kvinner.

Det er etter det ein kan sjå, ingen faktorar som skulle tilseie at eitt kjønn ikkje skulle kunne ta på seg dei oppgåvene som staben vår skal utføre, og det har aldri vore knytt krav om at søkjarar skal vere av det eine eller det andre kjønnet i utlysingstekstar.

Ein kan soleis ikkje sjå at det til no har vore ynskjeleg eller naudsynt med målretta tiltak for å påverke kjønnsfordeling mellom dei tilsette. Fram til no har det ikkje vore aktuelt å leggje tilhøva til rette for arbeidstakarar med særskilte behov for tilrettelegging, men dersom det skulle verte behov for slik tilrettelegging, vil det skje som ein del av arbeidet med god personalforvaltning.

Eit anna viktig tiltak for å oppnå god personalforvaltning er å sjå til at det er tett samanheng mellom dei oppgåvene som vert lagt til den einskilde tilsette, og rammene vedkomande har å arbeide innanfor. I dette ligg tre faktorar:

- Kvar medarbeidar skal ha eit klårt bilete av kva oppgåver det er forventa at vedkomande skal løyse, og så langt råd ha eit klårt bilete av kva kriterier som tilseier at oppgåvene er løyste.
- Kvar medarbeidar skal ha tilstrekkeleg tid og ressursar til å få utført oppgåvene som ligg til vedkomande si stilling.
- Kvar medarbeidar skal ha klårt for seg korleis avvik frå dei to fyrste punkta vert handsama i organisasjonen.

Det er sett i gang eit arbeid med å leggje til rette for at desse tre punkta er realiserte. Det er laga eit årshjul for planlagt arbeid i soknet, knytt opp mot arbeidet i soknerådet/fellesrådet. Det vert arbeidd med planar for dei ulike verksemdsområda. Det vert arbeidd med å revidere dei ulike stillingsbeskrivingane.

Ikkje alt dette arbeidet er ferdigstilt, og det ein har fått på plass, må planmessig gjennomgåast og eventuelt reviderast. Soleis er tilrettelegging for å gi fellesrådet sine tilsette ein god arbeidsplass ein kontinuerleg prosess.

## **Andre med avtale med Fellesrådet**

Delar av arbeidet i kyrkjene våre har også i 2023 vore utført av folk som ikkje er direkte tilsett i Masfjorden sokn:

- Me har fast vikaravtale med Boris Kuprijanov som organist i 40% stilling + gravferder og vigslar. Han fakturerer frå eige firma.
- I Sandnes kyrkje har me avtale med Sandnes skulemusikk som utfører kyrkjetenar og klokkaroppgåvene mot ei årleg godtgjering for arbeidet.
- I Solheim kyrkje har me tilsvarande avtale med Solheim helselag. Desse tre løysingane fungerer fint, og me takkar for samarbeidet og det gode arbeidet desse gjer for oss gjennom året.

Vakanse: I Frøyset kyrkje har det ikkje lukkast å få til ny avtale for klokkartenesta etter at Nordbygda skulekorps sa opp avtalen ved årskiftet 2022/2023. Klokkaroppgåvene er difor dette året løyst ved hjelp av andre i staben og frivillige frå soknerådet. Vi takkar dei som har hjelpt til med dette.



Ein bør sjå storleiken på staben i samanheng med aktivitetane som er i regi av kyrkja. Det er klårt at ein har fått til svært mykje innan dei stillingsrammene ein har hatt. Grunnen til dette er at dei tilsette tidvis har arbeidd i overkant av det dei har vore betalt for.

Det er godt å ha gode og innsatsvillige medarbeidarar, og ein skal vere takksam for innsatsen som vert lagt ned. Men på sikt er det eit spørsmål om dette er ein berekraftig situasjon, og om det difor kan vere aktuelt med ei nøktern, men naudsynt utviding av nokre av stillingane.

## **Eigedomar som Fellesrådet forvaltar**

### **Kyrkjene våre**

Over tid hadde det opparbeidd seg eit visst etterslep med omsyn til vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar. Ein vende seg då til kommunen, og det vart i 2022 løyvd 500.000 kr til å få teke att noko av dette etterslepet.

Storparten av desse midlane har vore nytta i 2022 og 2023. Resten er planlagt brukt i 2024. Det er ein grunn til at bruken av midlane har gått over tid: For å få mest mogleg att for midlane, har ein vald å samordne ulike vedlikehaldsoppgåver i kvar kyrkje.

#### ***Frøyset kyrkje:***

Er vår «nyaste» kyrkje frå 1937. Her var det behov for ein del vedlikehald, så me er glade for å ha fått gjort ein god del arbeidet på sommarhalvåret av bl.a. Lars Helge Haugsdal som har gjort mykje snikkararbeid med meir.

Arbeid som er utført, er: Skifting av ein del kledning og vatn stokkar. Montert nytt vindaug gavl kyrkjelydsal og utvendige lister på kjøkkenvindaugene. Bygd ny trapp frå galleri til tårn, og fått rekkverk på trapp i klokketårnet. Fjerna mose tak, og montert på plass lause skiferheller. Me fekk og på plass ny utedel på kjøleanlegget i bærehuset, då den gamle rauk, og det vart samtidig montert ny avtrekksvifte i bærehuset.

Det har og vore gjort reperasjonar på varmpumpa bak i kyrkja. Vidare vart det gjort utvendig vask av eine kyrkjeveggen, og maling av alt nytt materiale. I tillegg til ein del andre mindre reperasjonar og vedlikehald.

Det trengst ny dør til kyrkjelydssalen, og denne vart godkjent og kjøpt i 2023. Arbeidet med ekstra maling og montering blir gjort i 2024. Det er og behov for meir vedlikehald ved Frøyset kyrkje i framtida, så det er bl.a. planlagt å få skifta meir kledning og malt meir det komande året. Her trengst og ny altarduk, men det har ikkje lykkast å finne nokon til å lage denne enno.

#### ***Sandnes kyrkje:***

Er den av kyrkjene våre som er listeført, då den er frå 1845. Kyrkja er av Riksantikvaren vurdert som eit verneverdig kulturminne.

Her vart den øvre inngangsportalen reparert, med utskifting av rotne materiale og manglande skiferheller. Det vart og gjort mindre reperasjonar på trege dørar, og på kjellarvindaug. Det vart satt inn ny varmtvasstank i gangen.

Me hadde også elektrikar til å få på plass fleire faste stikkontaktar og brytarar til bl.a. lydanlegget og projektor for å få det opp til dagens standar og reglar. Det vart og montert nye led-flomlys på kyrkja. Elles viste det seg av varmpumpa var utslitt og skapte for mange problem. Det blei difor kjøpt ny varmpumpe som vart montert i kyrkja i starten av året.

### ***Solheim kyrkje:***

Er frå 1881. I år har me fått gjort mindre reparasjonsarbeid der som skifting av kledningsbord og festa laus skiferhelle øvst på hovudstaket. Grusgangen har fått ein runde med gravemaskina for å få vekk ugras/mose. Det vart demontert rotne vindskier, og spesialbestilt nye, men desse blir ikkje levert før i 2024, og blir montert då. Her vart det òg problem med varmpumpe i kyrkja, så det vart utført reparaasjonar for å få den i orden att. Elles har me hatt elektrikar og fått gjort ein del nødvendige oppgraderingar med bl.a. fleire faste stikkontaktar.

### **Gravplassar i kommunen**

#### ***Frøyset:***

Her vart gjerdet rundt kyrkja og gravplassen vaska, skrapa og malt. Pga. dårleg ver står det att litt av andre strøket, så me får sjå på dette sommaren. Elles vart det montert ein ny straumkurs til bårhuset.

#### ***Hosteland:***

Her vart det gjort litt vaskearbeid, og montert ny vasspumpe, då den gamle var øydelagt. Men her er det behov for ein del vedlikehald framover. Det trengst både vask, skraping og maling av gjerder og bygg, og fjerning av mose på tak klokkeårn og inngangsportal. Det er òg ein del store tre som kan være ynskjeleg å få tatt ned. Dette må ein finna løysing på saman med grunneigarane.

#### ***Sandnes:***

Her fekk ein gjort ein flott jobb med vasking, skraping, maling og små reparaasjonar på heile gjerdet rundt gravplassen/kyrkja samt kvilebenkane. Her fekk me òg fjerna ein god del trær som hadde røter inn i den gamle steinmuren, og som ein difor var redd kunne skade denne på sikt.

#### ***Skjerjebakken:***

Her fekk me dessverre ikkje gjort det planlagde arbeidet pga. dårleg vær og for lite folk. Her er det sterkt behov for vedlikehald, og det er planlagt arbeid i 2024 med reparaasjon, og maling av klokkeårn. Og gjerdet rundt gravplassen burde og vore skrapa og malt her.

Det er ein utfordring med tilgang til vatn for vaskearbeid. Inngangsporten har lenge vore treg her, og det er gjort forbetringar i år. Men her må me rekna med å lage ny port i framtida. Det er og ei stor utfordring med hjort her, og ein jobbar vidare med å få nødvendige løyve til å gjere noko med dette.

#### ***Solheim:***

Her er det laga plantefelt på dei gamle krigsgravene etter pålegg frå krigsgravtenesta. Det er behov for reingjering av gjerde, og ein del maling av kvilebenkar med meir framover i komande år.

#### ***Indre Haugsdal:***

Her rauk vasspumpe og blei erstatta med ny. Her er det behov for litt reparaasjonar på gjerdet som går rundt gravplassen.

Det er ynskjeleg å få på plass betre sorteringssystem til avfallet på alle gravplassane og det vert jobba med å få på plass «bingar» til å legge hageavfall i.

# Den norske kyrkja i Masfjorden i tal

## Nøkkeltal for Masfjorden sokn

Antal søndagsgudstenester	<b>45</b>	Antal deltakarar på søndagsgudstenester	<b>1995</b>
Antal andre gudstenester	<b>6</b>	Antal deltakarar på andre gudstenester	<b>355</b>
Antal nattverdsgudstenester	<b>24</b>	Antal nattverdsgjester	<b>329</b>
Antal gudstenester tilrettelagt for born og ungdom	<b>10</b>	Antal deltakarar	<b>463</b>
Antal gudstenester tilrettelagt for skuleborn	<b>3</b>	Antal deltakarar	<b>224</b>
Antal gudstenester med dåp	<b>5</b>	Antal deltakarar	<b>330</b>
Antal døypte	<b>6</b>	Antal konfirmerte	<b>12</b>
Konfirmasjonsgudstenester	<b>3</b>	Antal deltakarar	<b>318</b>
Julaftansgudstenester	<b>3</b>	Antal deltakarar	<b>246</b>
Antal gudstenester i påsken	<b>4</b>	Antal deltakarar	<b>81</b>
Antal gudstenester i pinsen	<b>2</b>	Antal deltakarar	<b>31</b>
Antal allehelgensgudstenester	<b>3</b>	Antal deltakarar	<b>55</b>
Antal vigslar	<b>3</b>	Antal gravferder	<b>15</b>
Innmelde	<b>2</b>	Utmelde	<b>4</b>
Offergåver i kr.	<b>82.608</b>		

## Årsrekneskap

Revidert årsrekneskap vert framlagt som eige dokument.

Det kan vere på sin plass å nemne at det er innarbeidd ein rutine om at sokneråd / fellesråd på kvart møte vert oppdatert om den økonomiske situasjonen i soknet. Dette er gjort for at ein skal ha eit så klårt bilete som mogleg av kva økonomiske rammer ein har å arbeide etter, og hindre at det vert gjort vedtak som det ikkje er økonomisk dekning for.

## Om det kyrkjelege arbeidet i Masfjorden sokn

### Gudstenestelivet

Gudstenestelivet er eit viktig pulsslag gjennom året og på høgtidsdagar. Totalt vart det gjennomført 51 gudstenester i 2023, 24 av dei med nattverd og 5 av dei med dåp. Fordelinga av gudstenester er nokså lik mellom Frøyset, Sandnes og Solheim kyrkje. I Granneheimen har det vore gudsteneste i påska og i adventstida. På Fjon fjellkyrkje har det vore to gudstenester som avslutning på konfirmantleirar i tillegg til olsokgudstenesta. Tre av gudstenestene var på Masfjorden sjukeheim. I snitt var det 44 personar på kvar gudsteneste på søndagar og heilagdagar. Her er det store variasjonar frå under 10 til over 200.



10 av gudstenestene var særleg tilrettelagde for barn og ungdom. Fleire av desse var lagt til same dag i dei tre kyrkjene, ei ordning som synes å vera teke godt imot og fungera fint. I skuleferiar og i samband med ferieavvikling er det færre eller ingen gudstenester.

Etter dei fleste gudstenestene er det kyrkjekaffi, stelt i stand av nokon frå kyrkjeutvala. Dette er eit viktig og godt etablert tilbod som skapar fellesskap.



Det har som tidlegare år vore lagt opp til friluftsgudstenester i alle kyrkjekrinsane. Dette vart gjennomført ved Stemmevatnet på Solheim, Dagsturhytta på Grøttneset og ved Stordalen fjellstove i samband med Bjørn West-marsjen. Den planlagde friluftsgudstenesta på Reknesskjerjane vart grunna vêret flytta under tak og gjennomført i kyrkjelydssalen på Frøyset.

50-årskonfirmantane vart inviterte og presenterte på ei gudsteneste i Sandnes kyrkje i september med påfølgjande middag, kaffi, song og quiz på Snikkarbua på Kvingo.

Det var minnegudstenester i dei tre kyrkjene fordelt på to søndagar rundt helgemessesøndag i november. Familiar som hadde mista noko siste året fekk brev med særskilt invitasjon til gudstenesta og ein konsert med sorg og glede.

Musikantar frå Nordbygda skulekorps, Sandnes skulemusikk og Fjon musikklag har spelt på gudstenester i løpet av året. Det same har fleire songsolistar og instrumentalistar i samarbeid med organisten. I Solheim kyrkje har ei forsongargruppe vore med nokre gongar. Alt dette er gode bidrag for å løfta songen og musikken i gudstenestene.

Det er gjort forsøk på å invitara til songkveldar i staden for vanlege gudstenester nokre gongar. Meir om dette under kulturelle tiltak.

## **Trusopplæringstiltak**

### ***Helsingar til dåpsborn.***

Det blei sendt ut helsingar til dåpsborn, eit, to og tre år etter dåpsdagen. Gåvene blir sendt ut rundt den datoen dei har dåpsdag. Dei som hadde 1-årsdagen sidan dåpen, fekk ei smekke. På 2-årsdag etter dåpen fekk dei ei badeleike eller ei bok. Og på 3-årsdag sidan dåpen fekk dei 5 små bøker. Saman med gåvene får dei eit kort med helsing på. Dei får gåvene totalt tre gongar, fordelt på tre år.

### ***Småbarnstrall.***

Første halvår av 2023 vart det arrangert småbarnstrall i Sandnes kyrkje. Dette var eit tilbod for born mellom 0-5 år, på dagtid. Her var det songstund for dei minste, og etterpå vart det servert frukt og drikke. Aktiviteten vart ikkje tatt opp att frå hausten, då det viser seg å vere for få som nytta seg av tilbodet.

### ***Dåpsskule.***

Når borna får utdelt si 4-årsbok på hausten, så blir dei neste vår invitert til dåpsskule i si kyrkje. Dåpsskulen er for fem-åringar, og det har vore tre samlingar i kyrkjene. Her blir dei invitert for å verte betre kjent med kyrkja, gjennom leik, forming og samlingsstund. Vi snakkar også om ulike tema som dåp, kyrkja, bønn osv. Dette gjer vi gjennom å leike og utforske. *(Foto frå julevandring i barnehagane.)*



### ***Tårnagent.***

På vårhalvåret vert 7-, 8- og 9-åringar invitert til å vera agentar i kyrkja. Her leikar vi, syng og løyser oppdrag og gåter. Vi utforskar også kyrkja, og vert betre kjent med kyrkjetårnet, klokkene og orgelet.

Tårnagent i 2023 var i Sandnes kyrkje, laurdag 11. mars og sundag 12. mars. Då blei dei invitert til kyrkja for oppdrag på lørdagen nokre timar, og så til deltaking i gudstenesta sundagen.

### ***Lys Våken.***

Dette er eit trusopplæringstiltak for dei som er 10,11 og 12 år. Her blir ein invitert til å overnatte i kyrkja, frå laurdag til sundag.

Lys våken skulle ha vore arrangert på Fjon fjellkyrkje, lørdag 2.-3. desember. Men på grunn av for få påmelde, så vart det avlyst dette året.

### ***Utdeling av bøker til 4 og 10-åringar.***

På hausten inviterer vi 4-åringane til å få «Kyrkjeboka mi». Den deler vi ut på ei gudsteneste, i alle kyrkjene.

Vi inviterer også 10-åringane til å få sin eiga bok på hausten i ei gudsteneste i kvar av kyrkjene. 10-åringane fekk dette året Teikneseriebibelen.

### ***Utdeling av bøker til 6-åringar ved skulestart.***

Hausten 2023 begynte vi med eit nytt trusopplæringstiltak for 6-åringane, då vi såg at vi ikkje hadde noko spesielt tilbod til dei. Vi inviterte dei til gudstenesta i kyrkja, for å få si eiga 6-årsbok. Boka dei fekk heiter «Tre i eit tre», som er ei forteljingsbok om tre venner som byrjar på skulen.

## **Konfirmantarbeidet**

Oppslutninga om konfirmasjon i Masfjorden er svært god, og dette arbeidet har høg prioritert. 12 ungdomar vart konfirmerte våren 2023. 20 ungdomar starta eit nytt konfirmantår same haust. Begge delar utgjer 100% av døypte medlemmer på dei aktuelle årskulla.

Etter orienteringsmøte med konfirmantar og foreldre startar konfirmantåret med presentasjonsgudstenester i slutten av august og ein bli-kjent-dag med aktivitetar. Denne var på Nordbygda skule før konfirmantane besøkte sjukeheimen og delte ut kort og roser. I løpet av året har det vore ein vinter/vår-leir og ein haustleir på Fjon fjellkyrkje. Dette er viktige dagar i konfirmantåret med både fellesskap, undervisning, leik, gudsteneste m.m.

I januar vart det arrangert felles lysmesse i Frøyset kyrkje for alle konfirmantane i Masfjorden.

Konfirmantane har også delteke med oppgåver på enkelte gudstenester, og mange av konfirmantane melder tilbake at det er kjekkare å vera på gudsteneste når dei har ei oppgåve.







Nytt av året var ein felles konfirmant-festivaldag i Knarvik i april for alle konfirmantane i Nordhordland prosti.

Konfirmasjons-gudstenestene i Masfjorden er no fast dei tre siste helgene før 17. mai, medan rekkjefølgja vekslar mellom kyrkjene.

Konfirmantåret vert deretter avslutta med at soknerådet inviterer konfirmantar og foreldre til konfirmantfest med god mat, program og fellesskap. Konfirmantfesten var på Fjon fjellkyrkje i mai – sjå biletet attmed.



## Diakonalt arbeid

### ***Fasteaksjonen***

Den årlege fasteaksjonen vart arrangert ved at konfirmantane var på dørene med bøsse og Vipps-innsamling til Kirkens Nødhjelp sitt verdsvide arbeid.

### ***Sjukeheimen***

I godt samarbeid med Masfjorden sjukeheimen held sokneprest og organist andakt på arbeidsstova og songstund på nystova annakvar/tredjekvar torsdag på dagtid. Andaktane er opne for både bebuarar og andre besøkjande på sjukeheimen. Fire av andaktane i 2023 var med nattverd. Det har i løpet av året også vore tre gudstenester på sjukeheimen – i påska, på 17. mai og på julafta.

### ***Samtalar og sjelesorg***

Sokneprest har samtalar, sjelesorg, soknebod og husbesøk etter behov. Dei som ønskjer å nytta seg av dette, er velkomne til å ta kontakt med kyrkjekontoret eller direkte med soknepresten.

## Kulturelt arbeid

Det er naturleg at kyrkja engasjerer seg i kulturelt arbeid i kommunen vår, av mange grunnar:

- Kyrkjene våre er – kvar på sitt vis – flotte rammer kring ulike kulturelle hendingar.
- Kristen tru og lære er i seg sjølv ei rik kjelde for kulturelle uttrykk.
- Kulturelle aktivitetar i kyrkja kan gjere at dørstokken til kyrkjedøra ikkje kjennest så høg for folk som elles ikkje så ofte finn vegen dit.

### ***Kulturelle arrangement i kyrkjene våre:***

I 2023 har kyrkjene vore arena for ni ulike arrangement:



- 22. februar var det song- og musikkveld i Frøyset kyrkje.
- 16. april var det påskesongkveld i Solheim kyrkje.
- 4. juni var det sommarsong og kyrkjebursdag (pinsefeiring) i Sandnes kyrkje.
- 17. september var det songkveld i Solheim kyrkje.
- 19. oktober var det foredrag om kristendom og kunst i Frøyset kyrkje.
- 27. oktober var det konsert over temaet Sorg og glede, i Sandnes kyrkje med Sølvi Helén Hopland – sjå biletet attmed.
- 9. desember var det julekonsert i Sandnes kyrkje.
- 10. desember var det julekonsert i Frøyset og Solheim kyrkjer.

Oppslutnaden om arrangementa har vore variabel, som ein kan hende kunne forvente. Dei etablerte arrangementa var godt besøkte – nyetableringane var det mindre oppslutnad om.

Men arbeidet med å legge til rette for kulturarrangement i regi av Kyrkja i Masfjorden vil halde fram. At kyrkja har motteke kulturmidlar frå kommunen opplevest både som ei hjelp og ei forplikting.

## Samarbeid med andre

### ***Fjon fjellkyrkje***

Masfjorden sokn er eigar av Fjon fjellkyrkje, medan den daglege drifta vert leia av eit styre med valde representantar frå sokna i Nordhordland prosti. Anne Kristin Rafoss overtok som styreleier etter Vebjørn Aasgard etter rådmøtet i april. Soknepresten i Masfjorden er fast medlem i styret.

I løpet av 2023 har det vore arbeidd vidare med organisasjonsform for fjellkyrkja. Dette har vore ein tidkrevjande prosess som er venta å verta avslutta i 2024. Det jobbast for at Foreininga Fjon Fjellkyrkje og Ungdomssenter etter skiping skal registrerast i Brønnøysundregisteret og få tildelt eige organisasjonsnummer.

Det er også starta planarbeid for oppussing av dusj/garderobar i kjellaren.

Fjellkyrkja er mykje brukt til leirar og helgearrangement og kan også leigast til feiringar og familietreff m.m. Masfjorden sokn i løpet av året nytta fjellkyrkja til to konfirmantleirar, konfirmantfest, ukrainsk julefeiring og eit fellesmøte mellom stab og sokneråd.

Det er lang tradisjon for å samlast i fjellkyrkja til felles olsokfeiring i prostiet. 29. juli 2023 deltok 92 personar på olsokgudstenesta med påfølgjande rømmegraut, kaffi, kaker og utlodding m.m.

### ***Tverrfagleg samarbeidsutval***

Soknepresten er ein del av Masfjorden kommune sitt tverrfaglege støtteteam. Teamet har nokre faste årlege møter og vert i tillegg kalla saman ved behov.

### ***Masfjordingen***

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet Masfjordingen i samarbeid med Masfjorden kommune. Bladet vert trykt på kommunehuset og levert ut av kyrkjeutvala.

### ***Barnehagar og skular***

I desember var trusopplærar Tina og sokneprest Torbjørn på besøk i dei tre barnehagane med ei julevandring. Barna som ville, kunne verta kledd ut og få gå inn i rollar som Maria, Josef, gjetarar, vismenn og englar i julevandringa.

I dagane før jul vart det invitert til skulegudstenester i godt samarbeid med skulane. Elevar deltok med lesing, solosong, julespel, korpsmusikk, klokkeringing m.m.

### ***Ukrainsk julefeiring på Fjon fjellkyrkje 14. januar***

Det deltok ukrainarar frå Masfjorden og Fedje, i tillegg til ukrainarar frå den ortodokse Kristi Åpenbaringsmenighet i Bergen. Desse kom i hovudsak frå Bjørnefjorden, men det kom også folk frå Kvam.

Innhaldet i programmet var tredelt: Fyrst ortodoks gudsteneste, deretter ukrainsk julemåltid, og til slutt eit kulturprogram.

Medan ukrainarane som er busette i Masfjorden fekk skyss heim same kvelden, overnatta dei øvrige ukrainarane på Fjon fjellkyrkje før dei søndags morgon vart frakta attende til Bergen i veteranbuss.

Både under opphaldet og i ettertid har ein motteke mykje takk for denne samlinga. Omkvedet var: *"Dette var godt for oss. Vi kjem gjerne att."*

### ***Samling for ukrainarar på Risnes og Frøyset 9. desember***

Kyrkja i Masfjorden hadde invitert ukrainarane som bur i Masfjorden, Gulen, Austrheim og Fedje til ei førjulssamling i Nordbygda samfunnshus på Risnes, med ortodoks gudsteneste i Frøyset kyrkje som ein del av programmet.

Saman med dei ukrainske venene våre frå desse Nordhordlandskommunane deltok også ein god del ukrainarar frå den ortodokse Kristi Åpenbaringsmenighet i Bergen, og ein del av dei som sit på akuttmottaket for ukrainske flyktningar i Solheimsviken. Totalt var eit hundretals menneske samla i samfunnshuset på Risnes denne dagen.

Arrangementet var resultatet av eit godt samarbeid mellom Kyrkja i Masfjorden, den ortodokse Kristi åpenbaringsmenighet i Bergen, og Masfjorden og Austrheim kommunar, som bidrog til finansieringa av arrangementet, Frivilligsentralen i Austrheim, samt ei rekkje frivillige som på ulikt vis bidrog til å dra i land dette prosjektet. Det er all grunn til å takke kvar og ein som bidrog, varmt for den gode innsatsen deira.



## Eit blikk framover – oppgåver og utfordringar

For mange er kyrkja framleis ei viktig ramme rundt ulike livshendingar. Men det er også slik at kyrkja har ein beredskapsfunksjon: Skjer det eitt eller anna vondt og dramatisk i eit lokalsamfunn, har det synt seg gang på gang at kyrkja spelar ei viktig rolle, også for dei som ikkje er så aktive i kyrkja i det daglege.

Trussamfunnslova som vart vedteken i 2020, har eit eige kapittel om Den norske kyrkja. Der kan ein innleiingsvis lese fylgjande: «*Formålet med bestemmelsene i dette kapitlet er å legge til rette for at Den norske kirke forblir en landsdekkende og demokratisk evangelisk-luthersk folkekirke.*» Det er altså eit overordna politisk mål at Den norske kyrkja skal vere til stades i Masfjorden.

Det er opp til oss som bur her, å sjå til at dette målet vert oppnådd. Og det er fleire tiltak som kan bidra til dette:

### ***Tiltak dei folkevalde kan bidra med:***

Som alt nemnt er stillingsheimlane i staben i minste laget i høve dei aktivitetane som vert tilbode. Det er også slik at ein stab av denne storleiken er svært følsom for endringar, til dømes som fylgje av sjukefråvere eller av di folk ynskjer arbeid andre stader. Dersom ein ser kyrkja som ein ressurs i beredskapssamanheng, vil det vere god beredskap å sjå til at vi i Masfjorden har ein robust stab.

Det er all grunn til å tru at våre folkevalde har forståing for dette. Kommunepolitikarane har tidlegare slutta seg til ein avtale om delfinansiering av ei prestestilling, mot at Masfjorden har sin eigen sokneprest. At denne avtalen no er fornya, er eit positivt teikn på at ein ser kyrkja i Masfjorden som ein viktig del av det å leve og bu i grendene våre. På same vis er det løyvd ekstra midlar til vedlikehald av kyrkjene.

Dermed kan ein vone på at ei forsiktig og nøktern utviding av lønsbudsjettet for åra som kjem vert møtt med forståing av dei folkevalde.

### ***Utviklingstiltak i regi av kyrkja:***

Det vert arbeidd med å utvikle kyrkja sitt tilbod til kyrkjelyden. Eit døme på dette er å leggje til rette for kulturelle arrangement som både kan appellere til dei som tradisjonelt nyttar kyrkja, og samstundes vere av interesse for dei som måtte ha eit meir perifert forhold til den kristne trua og læra. Dei skal også vite seg velkomne til kyrkja.

Det er også gjort ein del forsøk på å mjuke opp gudstenestene, til dømes ved å flytte dei ut av kyrkjerommet, eller ved å rette dei spesielt mot einskildgrupper. Døme på slike er gudstenester knytt til Allehelgensdag, der ein spesielt inviterer etterlatne etter personar som har døydd siste året.

Det er også bestemt at det årleg skal vere ei sokalla temagudsteneste i kvar av kyrkjene våre.

Endeleg har ein sett på høvet til å justere form og innhald i nokre av gudstenestene, til dømes ved å lage eigne lovsongsgudstenester, der songen får særskilt fokus.

Alt dette er arbeid som er sett i gang, og som ein vil fylgje opp i tida som kjem.

### ***Det viktigaste tiltaket er det likevel du og eg som kan stå for: Å delta***

Det er mange måtar å delta på. Den enklaste er denne: å møte opp av og til på dei arrangementa kyrkja inviterer til. Dette har fleire gode verknader:

- Ved å delta, får vi del i gode opplevingar for vår eigen del.
- Ved å dele gode opplevingar i kyrkja, er vi med på å byggje opp og forsterke ein fellesskap mellom oss som bur her i Masfjorden.
- For dei av oss som måtte vere litt framande for det kyrkja står for, kan slik deltaking bidra til å «høvle ned dørstokken til kyrkjedøra», slik at det ikkje kjennest framand å skulle gå dit den dagen ein står i ein situasjon der akkurat det vil kjennast som nyttig og godt.

Så kan ein tenkje seg at ein kan delta meir aktivt, til dømes ved å ta på seg ei oppgåve som kyrkja treng å få utført.

- Det kan handle om å hjelpe til med transport av folk som sjølv ikkje kan kome seg til kyrkje.
- Det kan handle om å bake ei kake til ein kyrkjekaffi ein gong.
- Det kan handle om å bidra til at eit opplegg for born let seg gjennomføre.
- Det kan handle om å delta i ei forsongargruppe i kyrkja ein tilhøyrer.
- Det kan handle om å ta eit tak dersom det vert tillyst ein dugnad, til dømes vårrydding på kyrkjegarden.

Ein kan tenkje seg mange andre oppgåver også. Nokre små og enkle, andre meir omfattande. Poenget er at det er bruk for alle. Det er bruk for deg. Og det er du sjølv som veit kva du kan brukast til, og kor mykje tid du har høve og lyst til å bruke på dette.

Og du skal vite at du er velkomen!

Hosteland, den 11. april 2024.

*Eli Eidsnes*

(sign.)  
Kyrkjevevje

*Rune Garmann*

(sign.)  
Leiar Masfjorden sokneråd